

Bilag 1: Oppdragsgivers kravspesifikasjon

1. Beskrivelse av oppdraget

Vegutvidinga varierer i traseens lengde slik det går fram av planteikning 130427-1. Utvidinga skal i hovudsak utførast langs venstre veggkant, ved graving/sprenging i vegskjæring.

Veggrøfta skal opparbeidast som ei samanhengande drenerande grøft. Der vatn kryssar vegen, skal det etablerast avrenning frå veggrøft til eksisterande stikkrenner/kisteveteiter, sjå planteikning 130427-1. Det kan vere fleire stikkrenner enn det teikninga viser. Ved kryssing skal det utvisast forsiktighet slik at eksisterande stikkrenner/kulverter ikkje får påført skade. Grøfta skal tilpassast for god avrenning til stikkrenne, eventuelt med steinsetting.

Langs ytterkant av eksisterandes veg, skal det profilstøypast nytt rekkverk, type safetybaer H'' E90 «Ny over gammel» eller tilsvarande. Høgda på rekkverk skal vere minst 80cm, sjå detaljskisse. Rekkverk skal støypast med eksisterande låg kantstein innstøypt i fundament. Før støyping skal eksisterande kantstein og tilstøtande område gjerast reint ved spyling og kosting, slik at lause massar vert frigjort og fjerna. Nedføring ved endeavslutning rekkverk skal merkast og sikrast i samsvar med gjeldande vegenormer.

Lindås kommune har rammeavtale med BMO på fjellsikring og ynskjer å benytte den i samband med sikring av fjellskjæringa. Skjæringa skal renskast for lause massar til minst 0,5m frå topp skjæring. Der det er behov for sikring av massar/blokker, skal dette sikrast med boltar. Omfanget skal fastleggjast i anleggsperioden og etter avtale med kommunen.

Vegutvidinga skal masseutskiftast og gjerast ferdig med forsterkningslag, bærerlag.